



# NOREGS HØGSTERETT

Den 11. januar 2011 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Utgård, Stabel og Falkanger i

**HR-2011-00057-U, (sak nr. 2010/1856), sivil sak, anke over orskurd:**

Karin Johanne Relander Tømte (advokat Carl-Christian Wishman)

mot

Kjell Johan Håseth (advokat Tor Jacobsen)

sagt slik

## O R S K U R D :

- (1) Saka gjeld vidare anke over lagmannsrettens vedtak i spørsmålet om ei sak skal behandlast etter reglane om allmennprosess eller småkravsprosess i tvistelova. Hovudsaka gjeld krav om fjerning av eit tre på naboiegdom, jf. grannelova § 3, jf. også § 12.
- (2) Ved Oslo forlikråds dom 19. august 2010 fekk Karin Johanne Relander Tømte medhald i at naboane Sigrid Valborg Håseth og Kjell Johan Håseth plikta å fjerne eit grantre på eigedommen deira.
- (3) Sigrid Valborg Håseth og Kjell Johan Håseth reiste 24. september 2010 søksmål mot Karin Johanne Relander Tømte ved Oslo tingrett med påstand om frifinning. Under saksførebuinga tok Oslo tingrett opp om saka skulle behandlast etter reglane for småkravsprosess i tvistelova kapittel 10. Sigrid Valborg Håseth og Kjell Johan Håseth motsette seg dette.
- (4) Oslo tingrett gav deretter 28. oktober 2010 orskurd med slik slutning:

**”Sak 10-149943TVI-OTIR/03 behandles ved småkravsprosess, jf. tvl. kap. 10.”**
- (5) Sigrid Valborg Håseth og Kjell Johan Håseth anka orskurden til Borgarting lagmannsrett. Lagmannsretten fann at fjerning av eit stort tre kan opplevast som eit inngripande tiltak i eit villaområde, og at ei tilfredsstillande forsvarleg og formålsteneleg behandling av saka tilsa at tvista vart behandla etter reglane for allmennprosess.
- (6) Borgarting lagmannsrett gav 9. november 2010 orskurd med slik slutning:

”1. Sak 10-149943TVI-OTIR/03 behandles etter reglene for allmennprosess.

2. Sakskostnader tilkjennes ikke.”

(7) *Karin Johanne Relander Tømte* har anka orskurden vidare til Høgsterett. Anken gjeld lovbruken. Det er gjort gjeldande at lagmannsrettens kompetanse var avgrensa etter tvistelova § 29-3 andre ledd. Det er berre høve til å angrepa tingrettens avgjerd om val av prosessform dersom tingrettens skjønsmessige avveging er uforsvarleg eller klart urimeleg, noko lagmannsretten ikkje synest å ha vurdert.

(8) Karin Johanne Relander Tømte har sett fram slik påstand:

”Prinsipalt:

1. Oslo tingretts kjennelse av 28. oktober 2010 stadfestes.

Subsidiært:

2. Borgarting lagmannsretts kjennelse av 9. november 2010 oppheves og hjemvises til ny behandling.

For begge tilfelle:

3. Karin Johanne Relander Tømte tilkjennes sakens omkostninger for lagmannsrett og Høyesterett med kr 13 220,- inkl. mva. hvorav rettsgebyr utgjør kr 5 220,-.”

(9) *Sigrid Valborg Håseth og Kjell Johan Håseth* har gitt tilsvar, og gjort gjeldande at lagmannsrettens orskurd er riktig.

(10) Sigrid Valborg Håseth og Kjell Johan Håseth har sett fram slik påstand:

”Prinsipalt:

1. Anken forkastes.

Subsidiært:

2. Borgarting lagmannsretts kjennelse av 9. november 2010 stadfestes.

Den ankende part tilpliktes å betale behandlingsgebyrene for lagmannsrett og Høyesterett.”

(11) *Høgsteretts ankeutval* viser til det er tale om ein vidare anke, der utvalet har avgrensa kompetanse, jf. tvistelova § 30-6.

(12) Tingretten kom til at saka skulle behandlast etter reglane om småkravprosess, jf. tvistelova § 10-1 andre ledd bokstav c. Etter den føresegna blir behandla ved småkravprosess ”saker som ikke gjelder formuesverdier dersom retten finner at småkravprosessen vil være forsvarlig og hensiktsmessig, og ikke begge parter motsetter seg slik behandling”.

(13) Lagmannsretten har lagt til grunn at ”en tilfredsstillende forsvarlig og hensiktsmessig behandling av saken tilsier at tvisten behandles etter reglene for småkravprosess, jf. tvisteloven § 10-1 annet ledd bokstav c, jf. § 10-1 tredje ledd bokstav d”.

(14) Utvalet viser til at den skjønsmessige vurderinga hos tingretten av kva som er ”forsvarlig og hensiktsmessig”, fell inn under tvistelova § 29-3 andre ledd. Etter denne føresegna kan

overprøving berre skje der den påanka avgjerda ”er åpenbart uforsvarlig eller urimelig”.  
Temaet for lagmannsrettens avgjerd skulle såleis ha vore eit anna enn det var for tingretten.

- (15) I avgjerda frå lagmannsretten er det såleis ikkje vist til tvistelova § 29-3 andre ledd eller til dei kriteria som der er fastsette. I staden er det vist til kriteria i tvistelova § 10-1. Lagmannsretten har då lagt feil lovforståing til grunn, og orskurden må opphevast.
- (16) Ut frå resultatet må ankeparten tilkjennast sakskostnader for Høgsterett. Sakskostnaden blir sette til 13 160 kroner, der 5 160 kroner er gebyr og resten salær. Sakskostnadene for lagmannsretten må avgjerast i ny prøving der.
- (17) Orskurden er samrøystes.

#### SLUTNING :

- 1. Lagmannsrettens orskurd blir oppheva.
- 2. I sakskostnader for Høgsterett betaler Sigrid Valborg Håseth og Kjell Johan Håseth – ein for begge og begge for ein – til Karin Johanne Relander Tømte 13 160 – trettentuseneithundreogseksti – kroner innan 2 – to – veker frå forkynninga av denne orskurden.

Ingse Stabel  
(sign.)

Karl Arne Utgård  
(sign.)

Aage Thor Falkanger  
(sign.)

Rett utskrift: